



VINJE

OLE EVEN NORDBØ
Åmotvegen 16B
3890 VINJE

Dato: 08.12.2025
Vår referanse: 2022/1561-109
Sakshandsamar: Erland Tveiti

77/5 - Endring av gjeve løyve

Tiltak: Endring av tilkomst - bustadhus
Tiltakets adresse: Grungedal 73, 3895 Edland
Eigedom: 77/5
Tiltakshavar: OLE EVEN NORDBØ
Ansvarleg søkjar: NORDBØ ARNE

Delegert vedtak: 239/25

Vedtak

Søknaden om endra tilkomst til bustadhus vert godkjent med vilkår.

Saksutgreiing

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til endring av tiltak etter PBL § 20-4 registrert 09.09.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 09.09.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2022/1561- med vedlegg.

Naboar er varsla 04.09.2025.

Det har kome merknad til endringssøknaden frå Sondre Hustveit på gbnr. 77/1, og Gudmund Svalastog på gbnr. 76/1.

Merknadene handlar primært om overvatn, at det vert handtert på eigen grunn og ikkje vil skape noko problem for desse eigedomane som er nedstraums for tiltaket.

Med dei tiltak som tiltakshavar dokumenterer er gjort og skal gjerast for å ivareta dette (sjå vedlegg), ser kommunen det som tilfredsstillande. Andre delar av merknadene ser ein ikkje relevant til denne endringssøknaden og vert ikkje teke til fylgje.

Tiltak:

Tiltaket gjeld endring av tilkomst til nytt bustadhus på eigedomen. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med planen for området og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår

Oppbygging av veg og delar av gardstun for bortleiing av overvatn her (jf. dokumentasjon), skal utførast seinast innan 01.07.2026.

Konklusjon

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Gebyr

Gebyrkode	Antal	Beløp
Endring av gjeve løyve – mindre endring	1	1.960,-

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Erland Tveiti

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

1 77/5 - Vedlegg til endringsløyve

Mottakarar:

OLE EVEN NORDBØ

Kopi til:

NORDBØ ARNE

SONDRE TORALF HUSTVEIT

GUDMUND SVALASTOG